

Bjerkestrandsetra og Trøa

Det siste av dei gamle seterhusa på Freiøya som står att, er den eine seterbua på Bjerkestrandsetra. Seterbua har vore litt påbygd ein gong etter 1920, men sjølve tømmerbua er slik som ho var frå gammalt av.

Taket er heilt øydelagt, så vi må seia at ho no er til nedfalls, men frå tverrenden mot nord ser ho framleis ut som seterbu og syner oss korleis seterbuene låg i terrenget. Ikkje mange meter frå seterbua mot nord, ligg tuftene av det gamle seterfjøsset. Den seterbua som står att og tuftene av seterfjøsset like ved, var dei seterhusa som høyrde Sygarden på Bjerkestrand til. Difor blir seterbua som står i dag kalla for Sygardssetra.

At den eine av Bjerkestrandgardane etter 1860-åra fekk namnet Sygarden, kjem av at gardshusa på den eine garden vart flytta vestover frå det gamle tunet etter jordskiftet i 1860, og at det i dagleg tale vart nytta sør for himmelretninga vest og nord for himmelretninga aust.

Bjerkestrandsetra er ei gamal seter med ein stor setervoll der seterhusa låg lengst oppe, og setervollen halla nedover i frå husa. Det var gjerde rundt setervollen som skulle hindra at dyra åt opp graset. Setervollen vart gjødsla med naturgjødsla som dyra gav frå seg medan dei var i seterfjøsset.

Etter at dyra vart jaga frå innmarka om våren, vart dei først hatt på trøa for å beita der omkring i utmarka, og om kvelden sett inn i fjøsa der. Når beitet var oppbruka i utmarka kring trøa, drog dei på setra med dyra. På same måten heim att om hausten når beitet vart skralt i områda rundt setra. Slik tok dei vare på naturgjødsla og fekk nytta ho til gjødsl for å få fram grasproduksjon på vollar på setra og trøa. Difor finn ein på dei gamle gardar i Frei namn som seter og trø.

På Bjerkestrand låg trøa i utmarka om lag 250 m ovanfor det nordvestlege hjørnet av innmarka. I 1776 kjøpte to av dei 5 brukarane i det gamle kongsgardstunet, heile garden med unnatak av det som det benefiserte gods åtte i garden. Det fekk dei høve til å løysa inn etter at lova om det benefiserte gods kom i 1821. Bjerkestrand vart såleis frå 9. februar 1776 to gardar som åtte like mykje i Bjerkestrand og hadde felles tun.

Den 8. oktober 1784 bygsla båe gardane bort trøa til husmannsplass. Frå den tida hadde gardane truleg sommarfjøs ved det gamle utmarksgjerdet og sleppte dyra derifrå ut i den næraste del av utmarka. Ved delinga av "Samejet af Ager og Eng" den 12. juni 1826 vart "Pladsen Trøen" utlagt til ein av gardane til full eigedom, den garden som frå 1860 vart kalla Sygarden".

Husmannsplass vart "Trøen" verande heilt til om lag 1910. Den 13. mai 1918 vart "Trøen" saman med anna jord frådelt som eigen gard.

Før dei delte åker og eng i 1826 gjekk dyra og beita i lag også på innmarka på Bjerkestrand både vår og haust. Men no vart det ei endring. Det heiter i delingsforretninga av 12. juni 1826: " Det anmerkes: at enhver Opsidder skal have sine Kreature Vaar og Høst paa sit eget Lejemaal, saa at ikke den eine gjør den Anden nogen Hinder."

Ved delinga av "Samejet af Ager og Eng" den 12. jan 1826 vart og setra delt. Om det står det

slik i deledokumentet: Sæteren blev utskiftet i 2 lige Deelee, hvoraf tilhører Erik Robbertsens Part den yttre Deel og Esten Eriksens Part den indre Deel."

Robbert Erikson selde ved kjøpekontrakt av 1848, halvparten av setra med to seterhus til Svend Larsson Strøm. Det var den halvparten som faren, Erik Robbertson, i 1826 fekk utlagt av setra. Det har vore sagt at Svend Larsson Strøm dreiv hestehandel, og at han skulle ha setervollen til beite for hestar.

Robbert Erikson bygde seg ny seter i Brattåsen, og slik fekk vi Brattåsetra som Nordigarden på Bjerkestrand hadde fram til om lag 1915. Setra vart nedlagt og seterhusa vart selde til Kristian Kvalvåg som reiv dei ned i 1920-åra. Ane Halås var i mange år seterbudeie på Brattåsetra.

Den 4. mai 1894 avlyste arvingane til Svend Larsson Strøm kjøpekontrakten av 1848 om halvparten i Bjerkestrandsetra, slik at den halvparten av setra frå no av høyrde Nordigarden til som før. Seterhusa er borte på den halvparten av setra, men hustuftene med novsteinane ligg der overgrodde.

Sygardssetra var den siste del av Bjerkestrandsetra som vart driven som seter. Det vart setra fram til om lag 1908, men graset på setervollen vart slege til om lag 1917. Ane Vik som er fødd i 1909 minnest at ho som unge såg at det stod høystakk på setervollen.

No står berre den gamle seterbua att og minner oss om det seterliv som ein gong var med mjølking, ysting og kinning. Med lange arbeidsdagar for budeia som og til vanleg var ein tur nede i bygda med produkta kvar dag.

Anders O. Bergem.

Gløymt er det gamle stellet,
og det som dei gamle trudde,
heilage tufter i fjellet,
der som usynlege budde,
burtkomne huldre-gardar,
utgamle vistar og vardar
visande veg og lei:
burte er alle dei.

Fra Olav Aukrust: "På attlagde sæterbol